



Vågsøy kommune

Arkiv: FE - 024
JournalpostID: 17/7489
Saksbehandlar: Knut Ove Leite
Dato: 06.06.2017

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
043/17	Kommunestyre	15.06.2017

Val av medlemmer i fellesnemnd.

Bakgrunn for saka:

Stortinget har godkjend samanslåing av Flora og Vågsøy til Kinn kommune. Kommunal og moderniseringsdepartementet har tinga ei utgreiing av Fylkesmannen om grunnlaget for ein sterkare kystkommune i Sogn og Fjordane. Frist for utgreiinga er 1 september i år.

Denne saka handlar om etablering av Kinn kommune slik det er nedfelt i intensjonsavtalen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Som medlemer i fellesnemnda vert følgjande 4 valde:
2. Fellesnemnda blir beden om å planlegge og gjennomføre eit felles kommunestyremøte mellom Flora og Vågsøy tidleg hausten 2017

Kommunestyre 15.06.2017:

Møtebehandling:

Ordfører Kristin Maurstad og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Ordfører Kristin Maurstad orienterte om valg av medlemmer vedtatt i Flora kommune i kveld.

Kommunestyret ble enige om å velge representanter gjennom forholdstallsvalg.

H v/repr. Morten A. Hagen fremmet følgende listeforslag fra H, V, AP og FrP:

"Medlemmer:

1. Kristin Maurstad

2. Edvard Iversen
3. Rolf Domstein

Varaer:

1. Morten A. Hagen
2. Sølvi Grov
3. Frode Kupaen
4. Elisabeth Elliott
5. Daniel Gangeskar
6. Tove Lill Refvik Volle
7. Kristian Skibenes
8. Anett Berg"

SP v/repr. Betty Hessevik fremmet følgende listeforslag fra SP, Rødt, KrF og TLV:

"Medlemmer:

1. Nils Myklebust
2. Betty Hessevik
3. Even Halsør
4. Geir Oldeide
5. John Inge Refvik"

Votering:

Listen fra H, V, AP og FrP fikk 18 stemmer og gir 3 representanter i nemnda. Listen fra SP, Rødt, KrF og TLV fikk 8 stemmer og gir 1 representant i nemnda.

K- 043/17 Vedtak:

1. Som medlemmer i fellesnemnda vert følgjande valde:

Liste frå H, AP, V og FrP:

Medlemmer:

1. Kristin Maurstad
2. Edvard Iversen
3. Rolf Domstein

Varaer:

1. Morten A. Hagen
2. Sølvi Grov
3. Frode Kupaen
4. Elisabeth Elliott
5. Daniel Gangeskar
6. Tove Lill Refvik Volle
7. Kristian Skibenes
8. Anett Berg

Liste frå SP, Rødt, KrF og TLV:

Medlem:

1. Nils Myklebust

Varaer:

1. Betty Hessevik
2. Even Halsør
3. Geir Oldeide
4. John Inge Refvik

2. Fellesnemnda blir beden om å planlegge og gjennomføre eit felles kommunestyremøte mellom Flora og Vågsøy tidleg hausten 2017.

Saksopplysningar:

Vedlagte intensjonsavtale seier i punkt 4:

- "Fellesnemnda skal ha 5 medlemmer frå Flora og 4 frå Vågsøy, jamfør Inndelingslova § 26."

Det må difor veljast ei fellesnemnd i samsvar med intensjonsavtalen.

I Inndelingslova §26 heiter det:

*Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei **fellesnemnd** til å **samordne** og ta seg av **førebuinga** av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av **innbyggjartalet** i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt **av og blant medlemmene i kommunestyret** eller fylkestinget. Også medlemmer av kommunerådet eller fylkesrådet kan veljast. **Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar.** Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.*

*Kommunane eller fylkeskommunane kan også opprette eit felles **partssamansett** utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.*

*Fellesnemnda skal ta hand om det **førebuande arbeidet** med **økonomiplanen** og med **budsjettet** for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.*

*Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i **reglement** som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.*

*Nemnda kan få fullmakt til å **tilsetje** personale i den nye eininga. Dette omfattar også*

*tilsetjing av **administrasjonssjef** og **revisor**. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.*

*Fellesnemnda kan gi eit **arbeidsutval** myndigheit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.*

*Reglane i **kommunelova** om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd eller fylkesråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld tilsvarande for nemnda. Reglane i § 59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarande for avgjerder fellesnemnda tek.*

***Funksjonsperioden** for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert etter reglane i § 27.*

(Rådmannen sine uthevingar)

Vurderingar:

Med bakgrunn i ovannemnde vert det å velje medlemmer til fellesnemnda.

Vidare vil det det vere naudsynt med eit felles kommunestyremøte tidleg hausten 2017. Det vil vere naturleg at fellesnemnda i lag med rådmennene førebur denne.

Intensjonsavtale i tråd med vedtaka i kommunestyrafølgjer denne saksutgreiinga.

Som nemnd over, er det reglane i kommunelova som gjeld for valet. Det inneber at kommunestyret tek stilling til forma på valet. Det må velgjast varamedlemmar etter lova sine reglar.

Vedlegg i saka:

Intensjonsavtale 030417 - vedteken